



## REFERAT

### frå møte i Kviteseid Sokneråd

Onsdag 15. juni 2022, kl.18.00  
Stad: Kommunehuset

#### Innkalla:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen. Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helene Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Desse møtte ikkje: Marit Gotuholt, Unni Snaunes, Vigdis Helene Bruhaug, Bjørn Nordskog.

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Servering ved kyrkjekontoret og Waldenstrøm kafé

Oversikt over saker:

SR-sak 18.22 FR	Innkalling og saksliste
SR-sak 19.22 FR	Post og meldingar
SR-sak 20.22 FR	Revisjonsberetning 2021
SR-sak 21.22 FR	Rekneskap 1. kv. 2022, straumforbruk
SR-sak 22.22 FR	Økonomiplan 2022-25
SR-sak 23.22 SR	Investeringsplan 2023-26
SR-sak 24.22 SR	Konfirmantarbeidet i soknet
SR-sak 25.22 SR	Eventuelt

Marit Sørby leia møtet i Marit Gotuholt sitt fråvær.

SR-sak 18.22 FR	Innkalling og saksliste	MG
<p>Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post fredag 3. juni til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).</p> <p>Merknader til innkalling eller saksliste?</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Som føreslege.</p>		

1. **Avtale om bruk av Kviteseid Gamle Kyrkje** ble utarbeidd i 2019, men ikkje signert før nå i mai 2022. Avtala er mellom Kviteseid sokn som eigar og Vest-Telemark Museum / Kviteseid Bygdetun og regulerer ansvar, bruk og prioriteringar. (*sjå vedlegg: Avtale Kviteseid gamle kyrkje og VTM 2022*)
2. **Avtale om tilgang til Folkeregisteret** er teikna med TietoEVRY som driftar Folkeregisteret. Vi har tilgang til registeret gjennom 3.-part 'Kirkedata' som leverer programvare til oss, og har høve til å bruka registeret i programmet 'Gravlund' i samband med dødsfall og gravregisteret.
3. **Søknad om nytt varmesystem** til Kviteseid kyrkje, blei sendt 6. mai til bispedømet, fylkeskommunen og Riksantikvaren. Sistnemnde har ei 'Vegleing for forenkla kyrkjehandsaming i listeførte kyrkjer' som bispekontoret gjer vedtak etter. Dei stadfestar munnleg 31.5. at søknaden er grei og vil bli godkjend før ferien, så vi kan halde fram med førebuingar. 50% av kostnaden til omnar og styringssystem er allereie betalt. *Kopi av søknaden ligg ved for oppfrisking av saka til SR (Søknad varme Kviteseid kyrkje 2022)*. Oppdatering frå leverandøren kjem.
4. **Godhetsveka** var endeleg tilbake slik vi ynskjer å ha den, 2.-8. mai. 300 dugnadstimar, 85 deltakarar og 35 oppdrag. Sjå meir på vedlagt *Evaluering Godhet 2022*
5. **Vandring for fred** er ei kort pilegrimsvandring i prostiet vårt, for å markera FN sin Flyktingedag. Dagen er eigentleg den 20. juni kvart år, men blir i år markert den 15. juni med ei kort vandring frå Kviteseid kyrkje til gapahuken ved Ågapet og tilbake. Start kl. 11.00 ved kyrkja. Folk har med eiga niste. Les meir om ynskjeleg på heimesida [www.kviteseid.sokn.no](http://www.kviteseid.sokn.no)  
Innspelet på møtet: Bør denne vandringa bli annonsert tydelegare, slik at fleire kan delta?
6. **Gjennomførte arrangement sidan siste sokneråd:**
  - 1. mai: Soknemøte i Kviteseid kyrkje. *Referatet er akkurat kome, og ligg ved.*
  - 11. mai: Fest for bebuarar på Lundenjordet, ved Diakoniutvalet, på Misjonshuset
  - 3.-5. juni Leir for konfirmantleiarar i prostiet på Oksøya
7. **Planlagde arrangement:**
  - Ingen planlagde konsertar dei neste månadene
  - Konfirmantane reiser på leir til Gjennestad VGS i Stokke 20.-24. juni
  - Misjonsfest på Misjonshuset 26. juni kl. 11.00 for å markere at Gunnar Salmelid og kona Stefanie reiser ut til Elfenbenskysten som misjonærer frå i sommar.
8. **Sommaren 2022:**
  - Hovudferien vert avvikla i juli for dei fleste i staben. Ein tilsett i 50 % har 50 % ekstra frå 1. mars og ut august i fyrste omgang. Ein erfaren ungdom er i tillegg tilsett som sommarhjelp i 7 veker frå 1. juni.
  - Dag Harald Undheim som er sokneprest i Seljord, vikarierar som vanleg for Møyfrid Lunde i hennar ferie i juli. Fleire av våre gudstenester då vert kl. 18.00.
  - Dagfinn Køhn tar dei fleste vikaroppdraga som organist. Det er vi takknemlege for. I tillegg spelar Maria Skjæveland på tre arrangement.
  - Det er mange bryllaup i sommar, mellom anna 5 laurdagar på rad, og ein gong 3 på same dag.

9. **Søknad om restmidlar innafor diakoni.** Bispedømet har kr. 600.000 til utdeling. Kyrkjeverja finn fram det diakoniuutvalet tidlegare har ynskt, og skriv søknad
10. **Aktivitetar for ukrainske flyktningar:** Det er mogleg å søkje om støtte

SR-sak 20.22 FR

Revisjonsberetning 2021

MG

10. mai 2022 fekk vi frå Vestfold og Telemark revisjon IKS Revisjonsberetning for Kviteseid sokn for 2021. (utklipp derfrå)

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

*Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Kviteseid Sokn som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 59 422 og eit rekneskapsmessig meir/mindreforbruk på kr 0. Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2021, driftsrekneskap og investeringsrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kviteseid Sokn per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kirke og god kommunal rekneskapskikk i Norge

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet tek revisjonsberetninga til orientering.

**VEDTAK:** Som føreslege.

*Vedlegg: Revisjonsberetning 2021*

SR-sak 21.22 FR

Rekneskap 1. kv. 2022, straumforbruk

KS

Saka er ikkje handsama i AU på førehand.

Rekneskapen er nesten heilt ajour pr 31.mai.

Med tilskotet frå kommunen periodisert til 5 av 12 mnd, har vi samla eit meirforbruk på kr 25.000. Kyrkjeverja kommenterer litt avdelingsvis resultat under møtet.

Det største avviket vi ikkje har kontroll på, er straumutgiftene, der vi på 5 mnd har brukt 104 % av det budsjetterte (sjå line 91 og 149 i vedlegget) på kr 199.000. Det er litt vanskeleg å anslå kva kostnaden vil bli for heile året samla, men det kan godt bli over kr 400.000.

Vi treng da minst 200.000 til for å dekke straumkostnadane dette året.

Forslag til tiltak:

1. Vi kan håpe at nye omnar og styring av desse i Kviteseid kyrkje vil gje utslag der allereie i år. Kviteseid kyrkje har vel ca. 40 % av straumkostnadane aleine.
2. Premiefondet vårt i KLP er nå i 2022 tilført kr 90.000. Vi bruker om lag dette beløpet til betaling av premiar resten av året. (frist for å melde frå til KLP er 30.6. og 30.9.)
3. Soknerådet søker kommunen om kr 100.000 i ekstra tilskot for 2022. Vi gjer merksam på at vi i 2021 hadde eit stort meirforbruk på straum, og enda med eit tilsvarande brutto og netto meirforbruk.

Kyrkjeverja foreslår at vi ventar med å revidere budsjettet til vi veit om og kor mykje vi kan få i auka tilskot.

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet tek den framlagde rekneskapsrapporten til orientering og er uroa over dei høge kostnadane til straum. Vi bruker resten av året kr 90.000 frå premiefondet i KLP og søker Kviteseid kommune om kr 100.000 i ekstra tilskot for å dekke meirkostnadane til straum.

**VEDTAK:** Soknerådet tek den framlagde rekneskapsrapporten til orientering og er uroa over dei høge kostnadane til straum. Det ser ut som det kan bli ekstraavgifter på kr. 200.000,-. Håpar vi kan få dekt dette ved å ta ut kr 90.000 frå premiefondet i KLP og søker Kviteseid kommune om kr 100.000 i ekstra tilskot for å dekke meirkostnadane til straum.

*Vedlegg: Regnskapsrapport 2022, 1-5*

**SR-sak 22.22 FR**

**Økonomiplan 2022-25**

**MG**

Saka kunne med fordel vore handsama i AU før dette møtet, men det har kyrkjeverja ikkje fått til.

Etter økonomiforskrifta skal vi til ei kvar tid ha ein økonomiplan for fire år fram i tid. Her ligg ved ein plan laga på ein mal etter forskriftene.

Denne blir kommentert meir under møtet.

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet vedtek den framlagde økonomiplanen for 2022-2025 med dei endringar som har kome fram under møtet.

**VEDTAK:** Soknerådet vedtek den framlagde økonomiplanen for 2022-2025 med dei endringar som har kome fram under møtet: Det må arbeidast med å få inn meir pengar, t.d. å få fleire faste gjevarar. Gjevarkomiteen frå tidølegare år kan godt drøfte dette. Ny i gjevarkomiteen er Marit Sørby (Frå før sit Dagfinn Køhn, Håkon Birkeland, Astrid Tveten og kyrkjeverja). Ein ynskjer å unngå å ta midlar frå disposisjonsfondet for 2024 og 2025 slik økonomiplanen viser.

*Vedlegg: Økonomiplan 2022-2025*

**SR-sak 23.22 FR**

**Investeringsplan 2023-26**

**MG**

Saka har vi ikkje fått tid til å arbeide med før møtet.

Med utgangspunkt i gjeldande investeringsplan, ber kyrkjeverja om innspel for å lage eit forslag til SR-møtet i august.

**VEDTAK:**

Soknerådet vedtek å vidareføre planen som vart vedteken i fjor. I tillegg ynskjer ein å få inn prisoverslag på kostnader for møterom over carport. Til hausten vurderer soknerådet korleis avsett sum kr. 150.000 i 2024 skal brukast.

*Vedlegg: Investeringsplan 2021-2024*

SR-sak 24.22 FR	Konfirmantarbeidet i soknet	ML
<p>Soknerådet valde i fjor å halde fram med konfirmasjonar på våren til tross for at den felles sommarleiren for «Ønsket og Elsket» no er flytta til sommaren etter niande klasse. Dette skal vi gjennomføre for fyrste gong i sommar.</p> <p>Samstundes er det sendt ut invitasjonar til dei døypte i årskullet for neste år, og vi har hatt informasjonsmøte for desse i mai månad.</p> <p>Soknepresten vil orientere om erfaringar med opplegget slik det har vore lokalt og i samarbeid for kullet som avsluttar no, samt tankar for neste skuleår.</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Soknerådet tek saka til orientering.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Soknerådet er nøgd med at konfirmasjonen er på våren og kjem til å ha same ordning eitt år til.</p>		
SR-sak 25.22 FR	Eventuelt	MG
<p><b>1. Mail frå Hans Øy angående plakater ved Vrådalen gamle kyrkjegard (Roholt).</b></p> <p><b>VEDTAK:</b> Soknerådet takkar Hans Øy for engasjementet for å presentere historia om Vrådalen gamle kyrkje. Det er frå soknerådet sitt syn ynskje om å setje ned ein komitè som skal arbeide med å lage ei tavle der ein presenterer både den historiske kyrkjestaden og kyrkjegarden slik han framstår nå. Vi ynskjer at Hans Øy sitt bidrag skal brukast i denne presentasjonen. Soknerådet vil be om at Øyvind Jørgensen skal leie denne komitèen og at Hans Øy og Leif Roholdt blir med i komitèen. Komitèen sender sitt forslag til tavle/ presentasjon til kyrkjeverja for handsaming i AU. Soknerådet gjer endeleg vedtak om kva som skal produserast og kva kostnader dette fører til.</p> <p><b>2. Brev frå Jan Haugen –pris på festeavgift, festa grav/fri grav.</b> Jan Haugen viser til feilinformasjon på Kviteseid sokn sine nettsider ang. pris på festeavgift, og har spørsmål om frigrav</p> <p><b>VEDTAK:</b> Soknerådet takkar Jan Haugen for sitt engasjement i saka. Han får svar på sitt innspel. Pris på festeavgift blir korrigert på nettsidene til Kviteseid sokn. Soknerådet ynskjer å halda fram med dagens praksis om frigrav berer for den fyrste grava i ein gravstad, slik det skal vere etter forskriftene. Ein reservert grav blir då ikkje gratis sjølv når den tas i bruk. Dette kan gjerne forklarast enkelt i kyrkjebladet.</p>		

Soknerådsmøtene hausten 2022: 24. aug., 5. okt. og 23. nov.

Moglege AU: 10. aug. og 21. sept.

GOD SOMMAR!